

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 16.11.2010
Sakhandsamar: **Bård Humberset**
Saka gjeld: **Revisjonsrapport - Arbeidsplanlegging (MOT-prosjektet)**

Arkivsak

2010/510/

Styresak 128/10 B

Styremøte 01.12. 2010

Forslag til vedtak

Styret tek rapporten til orientering og ber om å bli orientert om det vidare arbeidet med oppfølging av dei tiltak som føretaka sett i verk.

Oppsummering

MOT-prosjektet (Medarbeidar - organisasjon - teknologi) er eit stort organisasjonsutviklingsprosjekt som blant anna vart etablert på bakgrunn av ei medarbeidarundersøking som viste at medarbeidarane meinte at arbeidsprosessane, samt teknologien som støtta desse, hadde eit betydeleg forbettringspotensial. Eit overordna mål med prosjektet var å få bukt med hindringar i kvardagen og i dei system som vert nytta slik at ein får god og effektiv arbeidsflyt.

Føremålet med revisjonsprosjektet har vært å undersøke i kva grad helseføretaka har gjennomført tiltak og prosessar som var initiert gjennom eit av delprosjekta, nemleg arbeidsplanlegging.

Fokus har vært på

- Kartlegging og vurdering av i kva grad føretaka nyttar dei system og rutinar for arbeidsplanlegging som er utarbeida
- Kartlegging og vurdering av gevinstrealisering som følgje av prosjektet

Her kjem eit utdrag frå rapporten:

Ei stor spørjeundersøking i revisjonsprosjektet viser at arbeidsplanleggingsdelen av MOT-prosjektet i Helse Vest vert oppfatta som vellukka. MOT-prosjektet har lukkast med å få på plass system og verktøy for arbeidsplanlegging, blant anna fordi prosjektet har hatt støtte frå leiarar og stor tyngde frå Helse Vest RHF.

GAT er i bruk for dei fleste oppgåver unnateke aktivitetsplan, men arbeidsplansystemet står sterkast i dei siste trinna i prosessen og har minst feste i planleggingsfasen som skal skje i starten av prosessen. I større eller mindre grad er det ei utfordring for alle føretaka å bruke arbeidsplanlegging som eit strategisk verktøy. Internrevisjonen meiner å sjå teikn på at det oftare er praktiske omsyn enn føretaksstrategi som avgjer korleis bemanningsplanen vert lagt.

Undersøkinga viser at dei fleste operative leiarane i Helse Vest er nøgde med dei verktøya dei har fått til arbeidsplanlegging. På den anna side meiner om lag halvparten behandlareiningane at verktøya er lite eigna for deira verksemder og nokre mindre einingar kan meine at systema tar for mykje tid. Mange av dei praktiske elementa i arbeidsplanleggingssystemet fungerer godt, til dømes kontroll med løn, verktøy for dag til dag styring, rapportar og liknande.

På alle føretaka er det ei utfordring at einingane legg arbeidsplanar som ikkje er koordinert med andre einingar. Alle føretak og alle typar einingar kan bli flinkare til å samarbeide om arbeidsplanlegging og støtte andre einingar når det er mykje å gjere.

I høve til gevinstmåla, er fleire av desse nådd.

Eit viktig mål med MOT-prosjektet var betre kapasitet som ein følgje av systema for arbeidsplanlegging. I undersøkinga gir ikkje leiarane uttrykk for at arbeidsplanlegginga har gitt auka kapasitet. Det til tross for at det er indikasjonar på at produksjon er auka utan at bemanning er auka. Då Helse Vest etablerte nytt system for arbeidsplanlegging, blei systemet satt opp ganske likt på dei fire føretaka. Mange einingar har nå to til tre års erfaring med bruken av systemet. Nokre føretak har lengre erfaring med element av aktivitetsbasert arbeidsplanlegging. Alle føretaka har i dag noko å lære bort til føretaksgruppa. Rapporten viser nokre døme på det.

Internrevisjonen sitt inntrykk er at alle føretaka har lukkast med å bygge seg eit miljø for å støtte aktivitetsbasert arbeidsplanlegging. Nokon har bemanningskonsulentar sentralt, andre har koordinatarar i divisjonane.

Rapporten kjem med fleire tilrådingar. Nokre er av generell karakter med omsyn til å drive slike store omstillingsprosjekt, andre er meir konkret retta inn mot arbeidsplanlegging no som prosjektet er i drift.

Trykt vedlegg: Revisjonsrapport arbeidsplanlegging (samlerrapport)

Utrykt vedlegg: Revisjonsrapportar for dei einskilde føretaka